

# Kyrkjelydsblad

## for Arna prestegjeld

Nr. 7

Arna August 1970

3. årgang

### *Ordet som vart mist*

Det er ein gut det skal forteljast om. Her-  
mas heitte han og budde i Antiokia kanskje  
kring året 100 e.Kr.f. Han vert teken med i  
forkynning — det er vel å rekna for legen-  
de, vil eg tru. Men me kan høyra på like  
vel og ta lærdom av honom slik som dei  
gjorde det, truleg, i Antiokia og. Mange  
liknar honom i landet vårt med, og i kyr-  
kjelyden vår eigen.

Eg sa det var ein gut, men eit anna namn  
vart nytta der eg las om honom. Ein «yng-  
ling» var han. I Øygarden ville dei segja:  
«Skjeggbreisting», eller ifall han var komen  
so langt at det var litt mun i honom på  
sjøen, ville dei sagt: «Skårungje». For kjært  
barn har mange namn, veit me.

Hermas hadde då likevel kome so langt  
at han hadde gjeve hjarta sitt til Herren,  
endå han var oppalen i heidensk skikk.  
Det var mange i byen som mislika dette.  
Og ein dag han var noko tung i sinn og sat  
og kvilde seg ved «Daphne»-kjelda, kom ein  
olding frå Apollo-templet ruslande framum  
og tala til honom. «Eg skal gjeva deg eit  
nytt tilbod. Eg skal syta for deg, sikra di  
velferd og lukka, berre du skil deg frå det  
namnet du dyrkar. Du skal lata meg få  
det».

«Gjeva namnet burt» — tok guten opp  
att. «Eg gjeng med». Og oldingen heldt sin  
lovnad, Hermas fekk ein sutalaus lagnad.

Etter ei tid skulle han vitja far sin som

då låg sjuk og fegnast yver å sjå sonen sin.  
Han kom ihug kor gild gut han hadde vore  
og ville få trøyst av guten sin. Hermas  
prøvde og kalla fram att i minnet noko han  
hadde lært: «Far, du skal elska Herren  
din Gud av heile ditt vit, styrke og kraft og  
tru på — »? Kor vart det av resten? Her-  
mas hadde mist det. Hadde ingen ting å  
gjeva far sin.

Sidan får me fylgja med og sjå inn i  
Hermas sin eigen nye heim. Han hadde  
småguten sin eigen på kjerne og var so  
fegen og lukkeleg og glad. So glad var han  
at han kjende trong til å bera si takk fram  
for Gud og be om velsigning yver seg og  
småguten sin. Men namnet han no trong  
til i bøni si var framleis misst. Han fekk  
ikkje bore fram si glede og takk.

Småguten hans kom ein dag ut i ulukka  
og vart fårlegt skadd. I si naud var det som  
det laga seg til ei bøn for guten. Men «nam-  
net» han trong var framleis burte for han.

Gjev at denne gamle soga ikkje høver  
på oss i dag. Me treng øva oss i Paul Ger-  
hardt si salme og bøn: A Jesus, som hev  
elska meg forutan mål og måte. Av kjær-  
leik hjarta brast i deg, for meg ditt blod  
hev flote. Kveik opp min hug, driv kulden  
ut. Gjev kjærleik som kan vera deg til æra.  
So deg min eignalut eg kan i hjarta bera.

Av David treng me og finna lærdom:  
Takka Herren for han er god, og æveleg



varer hans miskunn. Eg vil gleda meg i Herren, alt som er i meg — hjarta og ånd — skal lova han. Eg vil gleda meg i han og ikkje gløyma alt det gode eg har fenge frå han. Han har gjeve meg tilgjeving for skulda mi og har lækt det som var brote sundt i meg. Han har enn ein gong gjeve meg livet — då det såg ut til vera misst. Han har pynta meg med nåde og glede — det var som om eg bar på ei krone. Han gjorde meg rik, søkkrik på skattar eg ynskte meg.

Han har gjeve meg ny kraft — mest som når ørnefjorene vert nye. Miskunnsam og venleg er Gud, langmodig og rik på miskunn. Han gjer ikkje med oss etter fortænta og løner oss ikkje etter skuldi vår. For so høg som himmelen er yver jordi so høgt lyser hans hjartelag ned yver deim som høyrer han til. Og so langt som aust er frå vest let han våre ugjerningar vera burte frå oss.

Som ein far miskunnar borni sine, so miskunnar Herren deim som vil høyra han til. Lova Herren alle skapningane hans, menneske og englar allstads i riket hans.

Og du mi sjel: Lova Herren.

## «Ein Friedhofsgang»

Av Vogl omsett til norsk  
av Eirik Skjerve

*Ein kyrkjegårdsgang.*

*Hjå gravaren bankar det på:*

*«Du gamle, slå hurdi ifrå!*

*Kom skund deg, tak med deg din stav,  
og syn meg ei dyrebar grav!»*

*Ein hermann med strittande skjegg  
stend utanfor gravarens vegg.*

*«Kva heiter då den du har mist,  
som her fekk sitt lægje til sist?»*

*«Den døde er Marta, mi mor.  
Du minnest vel meg, gamle bror?»*

*«Å du for ein røseleg kar!  
So reint du ukjenneleg var.*

*Men no skal eg te deg den flekk  
der mor di sin kvilesad fekk.*

*Her ligg ho no gøymd under jord  
di avlidne kjærlege mor.»*

*Med hovudet bøyggt mot sitt bryst  
stod krigaren roleg og tyst.*

*Han stod som forsteina og såg  
på gravi som framfor han låg.*

*So sa han og drog på ei herd:  
«Du lyg. Ho er slett ikkje der.*

*Ein morskjærleik vil eg 'kje tru  
kan rømast i slikt lite bu.»*

## Retting

Alltid er det leidt med trykkfeil i blad. Verst er det i poesi og dikt. Me fekk dei sisst nr. i bae dikta me hadde med.

I Eirik Skjerve si omsetjing av: «Styr mine steg», og i O.U. «bruresong.» Eg vil vona mange gøymer den fine songen og tek han i bruk når de samlast i foreningane til hausten. Men det 3. verset skal lyda slik:

*Andre går bort, men du hjå meg står.  
Einast hjå deg eg trøysteord får.  
Hjarta mitt bløder  
Du då jamt grøder  
verkjande sår.*

Og i bruresongen skal det 2. v. lyde slik:

*Ein heim med lyd, deg gleda byd  
og livsens lukka oppunder styd.  
I strev og møda de ikkje veiknar  
for kjærleiken i hjarta leikar.*

# MAIMÅNAD I «KONGENS BY»

*Vitjing på Schæffergården — København.*

Mange nordmenn er det som med takk-  
send og glede minnest dagar på Schæffer-  
gården. Dei som har fått høve til å vitja  
denne «perla» i utkanten av København  
dei har på same tid fått lært å kjenna og  
sjå det beste i dansk folk og ånd.

Gjestmildskap «dansk bord» og gode  
danske vener legg her alt til rettes på beste  
måte for dei nordmenn som kjem. Dette er  
store ord, men ikkje mindre sanne for det!

Først nokre ord om sjølve Schæffergår-  
den. Bygningen er rester av ein gamal her-  
regard, som i eldre tider også vart nytta  
av danskekongen når han skulle jakta.  
Store skogar og vatn i nærleiken skapte  
ikkje berre idyll, men var på den tid sers  
rikt på små vilt. Men som me alle veit vart  
det og i Danmark slutt på adel og storgods-  
menn. Det vart for dyrt for private å sitja  
med slike eigedomar, og såleis bar det til  
at Fondet for Dansk-Norsk samarbeid i  
1951 fekk bruksretten til denne vakre eige-  
domen — ein oase midt i storby-betongen.

Det kjem no stipendiatar og kunstnarar  
av mange slag frå Noreg for å «bruke sin  
ånd». Det er nemleg slik at ein lyt ha eit  
eller anna stipendium for å nytta godt av  
denne staden. Eg for min part var så hep-  
pen å få vera med på eit kurs for norsk-  
studerande frå Universitetet i Oslo. Me var  
ialt tjue mann som fekk statsstipend for  
«å læra noko dansk språk og litteratur»,  
som det heitte. Og ein lærerik og interes-  
sant maimånad vart det i København.

Me kom nedover nett i lauvsprettings-  
tida — våren var nok ein fjorten dagar  
tidlegare der nede enn i Oslo — sjølv om  
hallingdølen som i 40-år hadde vore i Kø-  
benhavn på stod at så sein hadde aldri vå-  
ren vore der nede så lenge han hadde vore

i København. Han hadde arbeid på ein  
fin sentrumsrestaurant og slo av ein prat  
då han høyrde me var nordmenn.

Sjølv om hovudføremålet med turen var  
— litteraturlesnad, så fekk me rikeleg tid  
til utflykter og omvising på kjende stader

Det er gjerne slikt utanom det reint  
«matnyttige» ein minnest best. Eg vil her  
berre gjeva nokre få glimt frå dei ting og  
hendingar me såg og fekk vera med på.

Det laga seg slik medan me var der  
nede at me fekk vera med på frigjerings-  
feiringa i Danmark. Danskane har gjerne  
ikkje så «ærerik» okkupasjonstid å visa  
attente til som me. Ein del verkelege mot-  
standfolk klaga over styresmaktene si  
noko lunkne haldning andsynes tyskaren.  
Ein av desse var styraren for Schæffergår-  
den, Heltoft. Han heldt ein varm og vek-  
kjande tale der han ikkje berre rosa den  
offisielle danske handlinga i krisetida. Det  
var ein personleg tale om ideal og menne-  
skjeverd som etter mitt syn var langt meir  
vekkjande enn dei store ord- og frasetalar  
som vert utlagde for folk frå dei profesjo-  
nelle folketalarene på Rådhusplassen. Dei  
tala om store gjerningar og fridom, Heitoft  
minna om at det var ikkje alltid slik.

Denne minnerike kvelden saman med  
danske vener var høgtidsam og sette oss i  
stand til å skjønna noko av det som hende  
i den tunge tid for 25 år sidan. Robert Rief-  
ling som er ein nær ven av Heltoft var og  
til stades og han slutta av med nokre styk-  
ke på piano. Seinare på kvelden vart det  
tent levande ljøs i alle vindaugo i den store  
Schæffergården. Det var eit imponerande  
syn i kveldsmørkret. Dette med levande  
ljøs var noko nytt for oss — en dansk tra-  
disjon som me såg vart fylgd i mange pri-



vathus kringom i nabolaget. *Illuminasjon* — var det offisielle namnet på denne skikken.

Ein annan kveld eg minnest sers godt frå opphaldet er Holbergskvelden. «Den Holbergske forening» i København skulle ha årsmøte, og for andre gong skulle dette vera på Schäffergården. Og for andre gong bad dei norske studentar om å syta for litt underholdning. Me vart først bedne som gjester, Holberg var jo halvt norsk, men med den haken at me skulle yta litt att.

Professor Billeskov Jansen ved universitetet i København, ekspert på Holberg og Kirkegaard, var formann i dette utvalde selskap, og han vart attvald utan motkandidat.

Kva denne samskipnaden eigentleg stod for fekk me lite greie på. I røynda var det vel ein «hyggjeklubb», det einaste som vart kravt av lagslemene var at dei hadde eit tilhøve (helst godt) til Holberg, som om ikkje det skulle vera nok? Danskane er meistrarar i å finna påskot for festlege samkomer med god mat og drykk. Ein ting som slo meg var at det måtte vera dårleg med rekrutteringa til dette fine selskap, det var lite ungdom å sjå, utanom oss norske då. Om dette kom av lite Holberg interesse eller strenge «opptaksvilkår» vil ikkje eg uttala meg om.

Ved bordseta kom eg saman med ei middelaldra dame som tydeleg nok var meir interessert i vår «kjære» Sonja enn i gamle Holberg. Ho tykte det var for gale at *arvingen* let venta på seg. Det måtte jo reint vera noko gale eller naturstridig no etter kvart, ja det var visst berre lause rykte (jussjer) som sa ho skulle ha små snart. Eg stakkar kunne korkje stadfesta eller avsanna hennar tvil (i så måte). Så for å vera høfleg og imøtekomande mot vertskapet laut eg berre seia meg samd i at det var for gale, — ja, det at kongeriket Noreg ikkje fornøya seg. Danske dameblad

visste truleg meir om denne saka enn eg.

Etter dei gastronomiske nyttingar var det vår tur til å overta styringa. Det improviserte og enkle programmet vart vel motteke. Nokre musikk- og songinnslag saman med litt opplesing var det heile. Utvalde delar av Peder Paars var høgdepunktet. Me fekk høyra at berre det å høyra nordmenn tala var som musikk for ein danske. Så kvelden var avslutta i ekte Holbergs ånd!! Ein kveld som utan dei store høgdepunkt likevel vart svært vellukka, ei manifestering av det gode dansk-norske tilhøvet som rår i dag.

Nokre dagar seinare var må på busstur rundt på Sjælland. Flatt og lite variert mange stader, men med idyllar spreidd ikring. Mange av dei gamle slott og herregårdar var tekne vare på og vitna om fordums stordom. Særleg vakkert var det gamle Fredriksborg slott som var bygd slik at det kvilde på tre holmar uti ein innsjø. Med høge murar og «vassgrav» skulle det vera uinntakeleg for fienden. Gamle rustningar synto at krig og ufred ikkje berre høyrrer vår tid til.

På sør-aust Sjælland vitja me dei sjeldsynte og vakre Kritformasjonane ved Møns Klint. Her stuper fjella over 100 m. rett i havet, og kontrasten mellom dei Kvite fjella og det blågrøne havet er imponerende. På heimvegen kørde me framom *Rungsted Kro*, kor den geniale, men ofte mistydde danske diktar Johs. Ewald, skreiv sine kjende «Rungsteds Lycksaligheder». Likeins for me framom «godset» til Karen Blixen som låg som eit minne frå fortida ved den idag sterkt trafikkerte Strandveien i hovudåra inn mot København-sentrum.

Ja, mykje kunne ein minnast og skriva om eit slikt vår opphald i «Kongens by». Her har eg nemnt nokre glimt som sette farge på litteraturstudiet, og var med og gjorde turen minnerik. Nettopp den fine

## A. O. VINJE — 100 ÅR SIDAN HAN DØYDDE

30.—7. 1870

Alle nordmenn har vorte glade i Vinje. Borni fegnast ved å høyra om: «Blåmann» og «Lykle», «Lenda frå Land». Ungdomen er alle glade i «Storegut». Åndsmenn kring heile landet frygdar seg yver bladet hans: «Dølen». Han er visst landet sin finaste journalist. Han var det og som gav Grieg songane: «Du gamle mor» og «Våren» som alle nordmenn gled seg yver, og er kjende yver vår vide verd. Han døydde på Hadeland i juli månad på prestegarden der, og vart graven ved ei av systerkyrkjene på Gran.

Me i kyrkjelydsbladet vårt vil heidra minnet hans og gjeva att noko av nr. 1 av «Dølen» frå 1858.

### DØLEN.

Eit Vikublad.

No. 1 Sondag den 10 October 1858.

Dølen var i lang Tid ein vanvurd Mann; men, Gud ske Lov, no er den Tid snart ute, og han dristar seg hermed ut i By og Bygd. Han vilde gjerne tala med Folk om Eit og Annat, som ligg honom paa Hjartat; men han veit ikkje ret, hvad Maal han skal mæla. Han kunde nok tala dansk, det er ikkje for det; men han vilde nohelst vera norsk, som han er fødd. Fullnorsk torer (tør) han dog ikkje vera, for det at Mange ikkje vilde forstaa honom. Det norske Folk er af det danske skakkjørt i Munnen, maa vita, — Byfolket meir en Landsfolket og Bygdefolket meir en Fjellfolket. Naar no dersom ein Mann — soleids som eg her — vil tale til alle desse Folk, so er han reint i Beit; tala han godt

samansmeltinga av det reint faglege og opplevinga av Danmark elles gjorde opphaldet til noko meir enn eit reint fagseminar. Takk for det Schäffergården og Danmark!! Vonar det ikkje vert lenge til neste gong.

J. — O. Tesdal.

norsk, so forstaa ikkje Alle honom, og forstaa og dermed høyrd paa vil han vera framfor alt. Talar han dansk, so forstaa heller ikkje Alle honom, og det Folk, som mest trangde til at bliva boklærde. Synd er det ataat for ein norsk Mann at tala dansk:

Her talas dansk, og hvert eit Ord,  
det snører til vort Tungebaand,  
og jagar paa vor Fæders Jord  
den store sterke norske Mand.  
Hver Vise er eit Ledamot  
i Klaven kring den norske Fot.

Eg vil derfor prøva paa med eit Maal som ligg midt imellem det norske og danske, riktig høla (carressere) meg fram som med Smaaborn. Underlegt er det at gaa paa Kamp med sit eget Maal; men Folket er komet paa Villstraa; det vilde gjerne finna den rette Vegjen men kan ikkje alltid finna den. Det er hugsamt at røynd (erfare), hvor norsk Folket er; her gaar ei nyskapande Aand gjenom det heile Folk, og den, som var so hæppen, at han kunde gjera denne Aand tillags, han kunde hugheilt slaa stort paa; men daa eg ikkje er vis paa at træffa denne Aands rette Meining, er eg ræd for at gaa forvidt; eg kunde ellers i ein forheit Normannshug og med eit for tungt Normannstak ingen Nordmann finna.

Eg skal lempa meg efter Folk alt det, eg kan; tykkes Folk, eg gaar forvidt, skal eg slaa af, men ikkje alfor mykit, og toler Folk betri Norsk, skal det faaes. Den, som vil hjelpe meg, skal faa Betaling og Takk ataat. Ved det kunde forskjelligt Maalbrigd (Sprogidiom) høyras, og Folk faa prøva Alt og halda paa det Beste. Eit Skuggsjaa (Speil) af det til Norskhet kjæmpande Liv vilde og derved faaed Mit Maal, likesolitt som noken annen Manns no for Tidi, verdt vel vanleg det endelege, men af desse Em-



ner og andre til vil i Mannsaldrer eit nyt heilt og velklingande Maal ihopsetjas, som Skalden vil kunna spila paa som eit velstemt fulltonande Orgel.

Det har gaat med vort Modersmaal som med dei græske Billætstytter: i Faakunnighetens Nott vurde dei sunderslegne af uheilage Hænder, men opplyste Menn grove Stytterne ut af Moll og Grus og sette saman Appollo og Venus, der ere Mønster paa Venleik, solenge Verdi staa.

Aldri kunna vi dog venta, at Maalet verdt so reint og klaart, som det vilde hava kunnat blivet, dersom vi ikke hadde voret under Danmark.

Det Cains Merki, Syndis Saar,  
paa Panna Ein og Annen fekk.  
Vi derimot paa Tunga vor  
til Minni fingi denne Flekk.  
Om Frihet kjem og Annat vel,  
var Tunge skrik: du er ein Træl.

Men Mange meina, at det Intet har paa seg, enten vi bruka Norsk eller Dansk, ja, at det er betri at bruka det Danske. Men om no Dansk var betri en Norsk — som det ikki er — for er det ei gamalt Ord, at man skal bruka sit Eiget og ikki laana sig fram. Den Greidhet og Fynd i Tanki og Tale, som merker ut vore gamle Skrifter, og som enno høyres af mangein Aalmugamann, den vil koma atter. Det er med Mannamaalet som med ei Fele: Slaatten er som hun er stilt (stemt) til. Det «Ordbladerassel», som Wergeland kaldte tome Ord uten Tankar, og som vort danske Bokmaal so lett innbyder til, det kan vort folkelege Maal ikki tola. Dette er vonlegt harde Ord for tankelause Menn, som dog gjerne vilde bruka Munnen, og derfor helst halda paa Dansken. Men, mine tankelause og ordfulle Vinir (Venner)! eg meinat det so godt med Eder. I maa derfor ikki verda vonde og skuva meg bort.

Laupa I for hardt inn paa meg, so giver eg etter, men kjem atter, naar eg ser mitt

Snitt, for det er med mine Ord og Ordlag som med Thors hvite Bukkar: han slagtede deim om Kvelden og kørde med deim like ratt om Morgonen.

Vi Alle elska Frihet og vilja intet heller, en at Norig skal staa paa egne Føter og ikki lyda hverken Sverig eller Danmark, men vera javngod i dette Syskenlag. Men, forat dette kan koma, maa vort Maal utviklas, so at vi ikki aleine sjelv kunde segja at vera eit Folk, men at baade Sverig og Danmark kunde læra af os som i gamle Dagar. Det var vi, som hadde dei beste Skrifter, og vort Maal var det reinaste; ja, hvad meir er, hverken Danmark eller Sverig aatte ei Bok, som var værd at sjaa i, daa vor Bokskrivning (Literatur) var blømande. Dette er ikki gløymande.

I Verdi vi store var' ei Gong.  
Vi enno kan verda store.  
Vi syngja om det so manglei Song,  
og graata af det, vi gjorde.

For det gamle Maal ligg enno reint paa Folkemunnen; det kjem berre an paa, at vi bruka og reinska det. Det maa vera Slutsteinen paa vort Stræv i folkeleg Retning, og uten at vor Frihet byggjes paa den som Hovud-Hyrnesteinen (Hovedhjørnesteinen) vil vort Frihetstempel vera bygt paa Sand.

For den rette Folkeaand kan ikki koma, før Maalet strøymet ut af Folkets eigi Saal (Sjel), og syngja og dikta kan det heller ikki læra før; og Folket vil soleids ikki hava rette Mergjen til at verja seg imot at forsvenskas eller fordanskas. Paa Mælet maa Mann kjennas, og den, som ikki kan tala, maa lata Ryggen smala (smelde), segjer eit gamalt Ord, som enno betri passar paa eit heilt Folk en paa ein einstak Mann. Fraa det sereigne Maal og den dermed sambundne sereigne Tænkning og Huglynni kjem det sereigne ved eit Folk, som vi kalla Thjovdskap (Nationalitet), og som er det, der liksom later hvert Folk bera sit Offer

fram paa Folkeferdis Alter til Ære for Gud. Vi maa derfor faa vort Maal atter. I 1814 sette Folket liksom den eine Foten fram til Fart; den andre maa koma etter.

Vort Folk i Trældom længe gjekk  
med Sorg foruten Sæli.  
Men som de att' si Frihet fekk,  
so maa det faa sit Mæli. —

Og liksom det var dei opplyste Menn, som gav os vor Frihet, soleids maa det og vera dei, som skulle geva os atter vort Maal. Aalmugamannen gaar som Barnet i den Varnes Fotfar (-spor).

Men den eldri Slægt af vore opplyste Menner og mange af dei Unge, som intet Norsk have lært, og ikki kan eller vil læra om atter, den vil Intet vita af eit nyt Maal, som den kallar vort eget. Denne hardnakkade Slægt, som staa imot Einhver, der vil liksom føra Folket fram til Canaans Land, maa døy paa Sandheidi (i Ørkenen).

### Kyrkjelege handlingar

#### DØYPTE I ARNA:

- 13.6. Vidar, foreldre: Harald Emil Erichsen — Harriet f. Kristoffersen. ( St. Markus, Bergen.)  
20.6. Harald, for.: Johannes J. Thuen — Kari f. Bjørnevik (D. i Lysekloster).  
20.6. Odd Bjarne, for.: Bjarne Johan Nesse — Anna Berit f. Hope.  
20.6. Mona, for.: Arvid Norvald Leiknes — Vigdis Irene f. Grimelid.  
20.6. Margrethe, for.: Reidar Pedersen — Bjørg Margrethe f. Ommedal.  
20.6. Tone, for.: Tormod Solhaug — Signe f. Tungeland.  
20.6. Bjørg, for.: Bjarne Anders Akselberg — Lillian Irene f. Skare.  
21.6. Hilde Kristin, for.: Rolv Nikolai Magnussen — Torill f. Skulstad.  
21.6. Magne, for.: Tomas Andreas Håvardstun — Margit Johanna f. Unneland.  
21.6. Tore, for.: Henning Bjørndal — Aud f. Floen.  
5.7. Torkjel Arne, for.: Kåre Arne Silden — Asta Bodhild f. Knutsen.

- 5.7. Age, for.: Nils Gerhard Algerøy — Berit f. Svendal.  
5.7. Nils Ivar, for.: Håkon Erdal — Jorunn f. Kaland.  
5.7. Frode, for.: Jan Artur Tunestvedt — Ingunn f. Kaland.  
5.7. Per Martin, for.: Terje Herfindal — Gro f. Brækhus.  
5.7. Renate, for.: Einar Olai Christiansen — Ellinor f. Salomonsen.  
5.7. Margrethe, for.: Bjørn Alver — Grethe f. Pedersen.  
12.7. Alf Stig, for.: Alf Ronny Kello — Anna Solveig f. Kvamsdal.  
19.7. Kristin, for.: Albert Gullbrå — Anny Johanne f. Maurseth.  
19.7. Irene Kristine, for.: Kåre Jakobsen — Kari Ingebjørg f. Valestrand.  
19.7. Ann Kristin, for.: Willy Espeseth — Sigfrid f. Kvandal.  
19.7. Elin, for.: Ola Ytrearne — Bjørg Kirsten f. Mossvik.  
19.7. Tone, for.: Kåre Låstad — Marit f. Lone (D. i Gjerstad k.)  
25.7. Kjerstin, for.: Paul Sverre Lekven — Bjørg Kjellaug f. Hundhammar.  
25.7. Britt Ellen, for.: Gunnar Tangen — Sissel Barbra f. Nævdal.  
25.7. Jan Aagaard, for.: Lars Ingmar Rørbakken — Brita f. Aasgaard.  
26.7. Elisabeth, for.: Ole Henning Svendsen — Anne Karin f. Pevik (D. i Byåsen, Trondheim).

#### VIGDE:

- 13.6. Leiv Jakob Birkeland og Kjellaug Gunvor Bjørnevik (V. i Johannesk., Bergen).  
20.6. Lars Garnes og Margot Herland.  
4.7. Birger Magnus Havre og May Irene Hansen. (V. i Salhuskyrkja).  
4.7. Lars Borge og Gerd Andersen.  
18.7. Arne Kvalvåg og Liv Wenche Skulstad.

## HAUS SPAREBANK

Snakk med sparebanken

Ytre Arna - Indre Arna -

Espeland - Lonevåg



- 25.7. Knut Bernt Naterstad og Marie Johanne Hopland.  
 1.8. Jarl Håkon Sørtun og Ellen-Karin Reknes.  
 8.8. Odd Bjarne Lohne og Vigdis Blomdal.  
 8.8. Inge Eliassen og Astrid Kristine Vedå  
 15.8. Arne Karstein Tornås og Rannveig Brekke.  
 15.8. Terje Thorquist og Lillian Mostrøm.  
 15.8. Bjarne Kvam og Gunvor Tveiterås.

**AVLIDNE:**

- 22.6. Nils Sivert Vestrheim f. 1970.  
 17.7. gbr. enkja Johanna Larsen f. 1885.

Vakre blomar frå

**Trygve Garnes gartneri**

Telefon 40401, Garnes

og utsal Indre Arna Tlf. 40415

**J. BERSTAD**

Filial Indre Arna

Jernvarer. Verktøy. Beslag.

Sport og camping.

Glass og steintøy.

Alt i bøker, papir, gramofonplater og leiker får De hos

**F. BEYER**

Bok og papirhandel

Indre Arna

**STØRRE BARNETRYGD**

Barnetrygda vert no utbetalt kvar månad  
 La pengane gå direkte inn på konto i  
 ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken  
 kva kontotype som passar best.  
 Pengane står alltid til disposisjon.  
 Rente opp til 5 pst. p.a.

**ARNA PRIVATBANK**

**I min forretning**

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barkedåp

*Kleiveland*  
 JORMAKAR

5260 Indre Arna — Tlf. 40496

ALT I  
 GRAV-  
 MONUMENTER

**Espeland Gartneri**

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå  
 Telefon 40809 — Espeland

**Skal det vera**

markiser eller persienner, så ring og spør meg. Eg sel Norsk Amico heilårsmarkiser og prydpersienner, stålroyr, skyvestigar og tørkestativ

**MAGNUS BORGE**

5233 Haukeland Telefon 40021

**Preikelista**

13. s. e. tr. 23. august:

Arna. Soknepresten. Om kvelden kl. 18: Trengereid

14 s. e. tr. 30. august:

Arna. Soknepresten. Ytre Arna. Res. kap.

15. s. e. tr. 6. september:

Arna. Res. kap. Ytre Arna. Soknepresten. Nattverd.

16. s. e. tr. 13. september:

Arna. Sokneprsten.

17. s. e. tr. 20. september:

Arna. Res. kap. Ytre Arna. Soknepresten.

Om kvelden kl. 19.30: Ungdomsgudsteneste i Arna.

18. s. e. tr. 27. september:

Arna. Soknepresten. Trengereid. Res. kap.

Feri: Res. kap. kjem att frå ferie, 27. august.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsførar: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund

*Protestmøte 3-4. okt i Arna.*

*Liv Nyberg (1992)*

*15/11 -*

*St. frøye.*